



leikerommet

Mor, far eller ein vaksen du kjenner godt, skal vere med deg heile den tida du er på barnerøntgen.

Når du kjem til barnerøntgen må du først vente litt på eit rom der du finn leiker og bøker som du kan låne. Ein av oss som jobbar her vil helse på deg når du kjem.

Kva er eit røntgenbilete?

Eit røntgenbilete syner korleis vi ser ut inne i kroppen. Bileta ser heilt annleis ut enn eit vanleg foto, difor er det mest dei som jobbar på sjukehuset som skjønner kva dei ser på bileta.

Korleis tar ein røntgenbilete?

Når det blir din tur følgjer vi deg inn til rommet der røntgenapparatet står. Røntgenapparat er mykje større enn vanlege fotoapparat.

Du må kle av deg genser og T-skjorte slik at du har bar overkropp når vi skal ta bilete. Over magen vil du få på eit lite forkle av tjukk gummi (blyforkle).



Her er røntgenapparatet vi tar bilete av deg med.

Vi syner deg korleis du ska stå. Det viktig at du står heilt stille når vi tar bilete, slik at dei blir klare og fine. Det er vanleg å ta fleire bilete. og kanskje du får spørsmål om å snu deg litt før neste bilete. Vi vil fortelja deg når du må stå stille og når du kan røre deg att.

Vi seier frå til deg når du kan kle på deg og dra heim.

Informasjon til vaksne →